


# Reglement for kunstnarisk utsmykking av kommunale bygg og uterom

Vedtatt av Time kommunestyre 5. desember 2017.



© Nanco Hoogstad



## **Reglement for kunstnarisk utsmykking av kommunale bygg og uterom i Time kommune (vedtatt KS 076/17 - 05.12.2017)**

### **1. Grunnlag**

#### **1.1. Formål**

Reglement for kunstnarisk utsmykking av kommunale bygg og uterom skal medverka til ei heilskapleg estetisk utforming av offentlege rom i Time. Det skal leggjast til rette for opplevingar av kunst for alle innbyggjarane i kommunen i deira møte med kommunale bygg og uterom.

#### **1.2. Definisjon**

Kunst i kommunale bygg og uterom kan vera biletkunst, kunsthandverk eller elektronisk kunst, enten som ein permanent eller temporær, frittstående eller integrert, del av ein bygning eller eit uterom.

#### **1.3. Aktuelle bygg og uterom som er omfatta av ordninga**

Ordninga gjeld bygg og anlegg eigd av kommunen. Bygg og uterom som mange menneske vil ferdast, opphalda og/eller arbeida i skal prioriterast.

Ordninga omfattar nybygg, tilbygg og større rehabiliteringar av kulturbygg, skular, barnehagar, kyrkjer, idrettsanlegg, bygg og institusjonar til helse- og sosialformål, rådhus, samt uteområde/parkanlegg.

Andre bygg/uteområde kan vurderast i kvart enkelt tilfelle. Her vil viktige kriterium vera publikumsbesøk og tilgjenge. Ordninga vil også kunna gjelda bygg og anlegg kor kommunen er part i eit eigarskap. I bygg der kommunen inngår langsiktige leigekontraktar (10-20 år) må eventuell kunstnarisk utsmykking kontraktfestast i det enkelte tilfellet.

#### **1.4. Kriterium for val av kunst**

Ved val av kunst til kommunale bygg og uterom skal følgjande leggjast til grunn:

- at kravet til kunstnarisk kvalitet blir eit overordna omsyn
- at kunsten er tilpassa bygget og/eller staden sin karakter og funksjon
- at det vert teke omsyn til brukarane sine interesser og medverknad
- at det takast hensyn til prinsippa for universell utforming ved val og plassering av kunst

### **2. Økonomi**

Det vert årleg sett av minimum 0,5 prosent av kommunen sitt investeringsbudsjett til byggeprosjekt, parkanlegg og andre skattefinansierte anleggsprosjekt.

Avsetninga skal fordelast med ca. 70 prosent til kjøp av kunst til nye prosjekt og ca. 30 prosent til vedlikehald av innkjøpt kunst, forsikring, formidling m.m.

Midlane kan nyttast til samarbeidsprosjekt/-samfinansiering med private eller andre offentlege finansieringskilder, jf. punkt 1.3, tredje avsnittet.

Det skal søkjast KORO (Kunst i Offentlige Rom) om ekstra økonomisk støtte i dei tilfelle kor dette er aktuelt.

### **3. Prioritering og politisk forankring**

Utval for Levekår fordeler årleg midla til kunstnarisk utsmykking av aktuelle bygge- og anleggsprosjekt i januarmøtet. Fordelinga omfattar både midlar til kjøp og vedlikehald, jf. punkt 2.

For kvart av dei prioriterte utsmykkingsprosjekta vert det sett saman eit eige kunstutval, jf. punkt 4 under. Alle kunstutvala skal leiast av ein folkevald representant vald av utval for Levekår. Utvalet vel denne representanten for kvar ny kommunestyreperiode. Saman med administrativ representant for tenesteeining kultur, som vil vera sekretær for alle kunstutvala, jf. punkt 4, vil dette i arbeidet med kunstnarisk utsmykking sikra politisk forankring og kontinuitet såvel politisk som administrativt.

## **4. Organisering**

### **4.1. Kunstutval**

For kvart utsmykkingsprosjekt skal det setjast saman eit kunstutval som skal ivareta retningslinjene for kunstnarisk utsmykking av kommunale bygg og uterom i det aktuelle prosjektet. For å sikra moglegheiter for integrert stedsspesifikt kunstverk bør kunstutvalet verta etablert så tidlig som muleg i byggeplanprosessen.

Time kommune sine kunstutval består av:

- Politisk valt representant, jf. punkt 3
- Representant for byggherren
- Brukarrepresentant (aktuell tenesteleiar, verksemdleiar eller tilsett)
- Kunstnarisk konsulent
- Arkitekt/landskapsarkitekt – der dette er aktuelt
- Representant for tenesteeining kultur (sekretariat)

Representantar for byggherren og brukarane vert oppnemnt av rådmannen. Sekretariatet engasjerer kunstnarisk konsulent, jf. punkt 4.2. Det enkelte utval vel sjølv om det vil vera formålstenleg å trekkja med aktuell arkitekt/landskapsarkitekt.

I utsmykkingsprosjekt med løyvingar frå det statlege KORO, jf. punkt 2, må samansetjinga av kunstutvalet vera i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande statlege retningslinjene.

Kunstutvala har ansvar for å utarbeida ein plan for det enkelte utsmykkingsprosjektet og gjennomføra prosjektet etter denne og i tråd med føreliggjande reglement.

Ved konkurranse om utsmykkingsoppdraget er det aktuelle kunstutvalet jury.

Avgjerder i kunstutvala vert fatta med simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap har leiaren dobbeltstemme.

#### **4.2.Kunstnarisk konsulent**

I kunstnariske utsmykkingsprosjekt skal kommunen engasjera ein kunstnarisk konsulent, normalt i samarbeid med Rogaland kunstsenter. Den kunstnariske konsulenten har følgjande oppgåver:

- Fungera som kunstfagleg konsulent.
- Har ansvar for å orientera kunstutvalet om kva kunstnariske uttrykk og teknikkar som vil vera eigna i det aktuelle kunstprosjektet.
- Koma med forslag til val av utførande kunstnar/-ar, som bør underbyggjast med døme frå dei føreslåtte kunstnare sine produksjonar.
- Utarbeida forslag til kunstplan, jf. punkt 4.3.
- Skal sørja for at kunstprosjektet vert gjennomført i samsvar med godkjent kunstplan.
- Fungera som kontaktperson for utførande kunstnar/-ar, og bindeledd mellom utførande kunstnar/-ar og oppdragsgivar i prosjektperioden.
- Har ansvar for at naudsynte rapportar og dokumentasjon vert levert oppdragsgivar ved slutføring av kunstprosjektet.
- For prosjekt der det skal søkjast om støtte frå KORO, skal kunstkonsulenten utarbeida underlagsmateriale. Konsulenten rapporterer til KORO i tråd med KORO sine til ei kvar tid gjeldande retningslinjer.

Ved fastsetjing av honorar til kunstnarisk konsulent er KORO sine satsar retningsgivande.

#### **4.3.Kunstplan**

Kunstplanen for det enkelte utsmykkingsprosjekt skal innehalda plassering av kunstverk, forslag til kunstnarar og type kunst, budsjett, finansieringsplan, framdriftsplan osv. i tråd med KORO sitt standardiserte oppsett. Planen skal liggja føre på eit så tidleg tidspunkt som mogleg, helst før byggearbeidet vert sett i gang.

Kunstplanen skal godkjennast av kunstutvalet.

#### **4.4. Val av kunst og kunstnar**

Kunstplanen skal gjera greie for kva slags type kunst kunstutvalet går inn for, samt framgangsmåten for å velja kunstnar. Framgangsmåten vil mellom anna vera avhengig av økonomiske rammer og kor langt aktuelt byggeprosjekt har kome.

Val av utførande kunstnar kan skje på følgjande måtar:

- Direkteoppdrag til kunstnar.
- Begrensa tilbodkonkurranse kor fleire kunstnarar konkurrerer om eit gitt prosjekt.
- Open konkurranse.
- Kjøp av ferdig kunstverk frå galleri, kunstformidlingsinstitusjonar, eller i særskilte tilfelle ved kjøp direkte frå kunstnar.

**Dato:** 06.12.2017  
**Arkiv:** K1 - 233, K2 - C40  
**Vår ref (ArkivsakID.):** 2009000138-25  
**JournalpostID.:** 2017033164

Honorar til utførande kunstnar skal vera fastsett i kunstplanen, og beløpet skal utbetalast i to eller tre terminar etter avtale med kunstnaren. Kunstnaren er pliktig til å utføra kunstprosjektet etter godkjente skisser. Kunstnaren sine plikter skal definerast i kontrakten. Ved slutføring av prosjektet og før siste del av honoraret vert utbetalt, skal kunstnaren levera oppdragsgivar dokumentasjon i relevant format (foto e.l.).

Val av kunstnar skal skje i tråd med Time kommunen sitt til ein kvar tid gjeldande innkjøpsregelverk og Forskrift om offentlige anskaffelser. Unntak av denne regelen vil kunna gjerast jf. anskaffelsesforskriften § 5-2, (1) og § 13.4-b).

Kunstnar har forsikringsansvar fram til overtakingsforretning er gjennomført.

Regelen om at det skal hentast inn honorerte skisseutkast, jf. punkt 5.1, kan fråvikast dersom beløpet som er sett av til kunstprosjektet er svært lågt. Det kan då vera mest hensiktsmessig å peika ut ein kunstnar til å utarbeida skisseforslag, eller å kjøpa inn eksisterande kunstverk.

Dersom det skal lysast ut konkurranse, vert dette gjort i tråd med dei gjeldande konkurransereglane til Norske billedkunstnere (NBK) og Norske Kunsthåndverkere (NK). Rogaland kunstsenter kan bidra med rådgjeving.

## **5. Forvaltning**

### **5.1. Kontraktar**

Ved oppnemning av kunstnarisk konsulent vert det inngått kontrakt mellom denne og Time kommune v/kultursjefen. Konsulenten sine oppgåver skal vera definerte i kontrakten.

Det skal inngåast skriftleg avtale mellom Time kommune v/kultursjefen og kunstnar ved alle utsmykkingsoppdrag. Ved kjøp frå utstillingar skal kommunen inngå avtale med utstillingsstaden.

Ein nyttar ein skissekontrakt i forkant av endeleg kontraktinngåing med kunstnar/-ar. Når kunstutvalet godkjenner endeleg kunstprosjekt, skal hovudkontrakten med kunstnaren/-ar signerast.

### **5.2. HMS**

Det må greiast ut kva påverknad gjennomføringa av kunstprosjektet får på HMS i byggeprosjektet. Kunstprosjektet skal tilpassast HMS-planen for byggeprosjektet.

### **5.3. Slutføring av kunstprosjekt**

Ved slutføring av eit kunstprosjekt innkallar kunstutvalet til overtakingsforretning med synfaring av kunstprosjektet. Det skal førast protokoll over overtakingsforretninga med kven som er til stades, manglar som måtte påvisast, frist for utbetring av påviste manglar og om kunstverket vert overteken eller vert nekta overteke. Siste tredjedel av honoraret til

**Dato:** 06.12.2017  
**Arkiv:** K1 - 233, K2 -  
C40  
**Vår ref (ArkivsakID.):** 2009000138-25  
**JournalpostID.:** 2017033164

kunstnar skal utbetalast når kunstverket er overteke. Når kunstverket er overteke har ikkje kunstnar forsikringsansvar lenger.

Kunstnar skal levera inn eit dokumentasjonsskjema med grundig omtale av kunstverket, og instruks for vedlikehald. Saman med skjemaet skal det leverast inn dokumentasjon av verket i relevant format. Dokumentasjonen vert arkivert av kommunen.

Det skal også setjast opp ein kontrakt med aktuell brukareining som regulerer ansvaret for fortløpande vedlikehald, reparaasjonar av skadar og eventuell flytting av kunstverket.

#### **5.4. Vedlikehald og skade**

Den aktuelle brukareininga har ansvar for det daglege vedlikehaldet som omtalt i brukarkontrakten. Ved skade eller behov for ekstraordinært vedlikehald har brukareininga ansvar for å melde frå til tenesteeining kultur. Ved skade skal kunstnar informerast og konfererast med i forhold til reparasjon av skade eller eventuelle restaurerings- og konserveringsmessige inngrep.

Etter overtakingsforretning skal kunstverket forsikrast og sikrast i tråd med kommunen sin gjeldande forsikringsavtale.

#### **5.5. Endring/flytting/destruering**

Kunstutvalet fattar avgjerder ved behov for flytting av kunst, endring av bygningsmassen/omgivnader rundt kunsten, riving av bygg eller liknande kor det er plassert kunst gjennom denne ordninga. Ved endringar som nemnt ovanfor, skal kunstnar kontaktast i rimelig tid før endringa skal gjennomførast, jf. åndsverkloven § 49.

\*\*\*\*\*

Bryne, 05.12.2017

